



*Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.*

*For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".*

## Dansepedagog - 12,71% fast stilling, INTERN UTLYSING

### Stillingsinformasjon

Fast stilling som dansepedagog i 12,71% storleik. Spanande arbeidsoppgåver med motiverte elevar i aldersgruppa 3 og oppover.

### Arbeidsplass

Meland kulturskule er ein arbeidsplass med eit kollegium med høg kompetanse og eit svært godt arbeidsmiljø. Undervisinga finn i hovudsak stad i Meland Aktiv på Langeland/Frekhaug.

### Arbeidsoppgåver

Ansvar for planlegging og gjennomføring av undervising og framsyningar innan dans. Undervisinga skjer i grupper. Tverrfagleg samarbeid med resten av personalet i Meland kulturskule.

### Kvalifikasjonskrav

Høgare dansepedagogisk utdanning. Søkjarar med lengre erfaringskompetanse kan og søkje. Vi har norsk som undervisningsspråk og er ein nynorsk-kommune. Personleg eignetheit for stillinga vil verte vurdert.

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale  
God pensjonsordning

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 12.10.2017

Utlyst dato 26.09.2017

Vårref

714/17

### Kontaktperson

Kamilla Strømsbo Dale, Rektor, tlf: 56171064, kamilla.stromsbo.dale@meland.kommune.no